



Innsetjing til vigsla teneste

1. Innsetjing til vigsla teneste følgjer Ordning for Hovudgudsteneste til og med ledd 4 | **Samlingsbøn.** Til inngangssalmen kan det skipast til prosesjon.
2. Når ein prost vert innsett, leier biskopen gudstenesta fram til og med innsetjinga. Når andre vigsla vert innsett, leier prosten eller den biskopen set til det, gudstenesta fram til og med innsetjinga.

Den som leier gudstenesta frå start, helsar kyrkjelyden og den som vert innsett under ledd 3 | **Helsing.**

Etter innsetjinga leier den nyinnsette prosten eller presten gudstjenestefeiringa. Andre vigsla tek del på den måten den aktuelle situasjonen legg opp til.

3. Salma i ledd 3 kan vere ei bønesalme, henta frå salmebokas kapittel om «Vigsling til teneste», «Kjærleik og teneste» eller ei salme som høver kyrkjeåret.

1 | Framstilling

Den som skal innsetjast, går til lesepulten saman med eit medlem av soknerådet, som les kallsbrevet/tenestebrevet.

Etter dette går begge til plassane sine i koret.

2 | Bøn

Den som vert innsett, kneler på altarringen.

Den som står for innsetjinga, går til altaret og seier, vend mot kyrkjelyden
Lat oss be om Guds signing over den nye medarbeidaren vår.

Vend mot altaret

Evige Gud,
du har gjeve kyrkja apostlar, profetar, evangelistar, hyrdingar og lærarar
slik at dei heilage kan bli utrusta til teneste og Kristi kropp vert bygd opp.

Vi takkar deg for at (namnet vert nemnt) er kalt til teneste i kyrkjelyden vår.
Vi bed deg, velsign ___ med din Ande,
så ___ kan gjera sitt arbeid med frimod og glede.

Hjelp oss alle til å tena deg med nådegåvene og evnene som du har gjeve oss,
så vi saman kan byggja kyrkjelyden på den eine sanne grunnvollen,
Jesus Kristus, vår Herre.

K | Amen.

3 | Salme

Alle går til plassane sine.

Hovudgudstenesta held fram med ledd 5 | **Syndsvedkjenning** eller ledd 6 | **Bønerop KYRIE**, jamfør lokal grunnordning.